Bjerkreimsnytt

Info til bjerkreimbuen • November 2026

Bjerkreim kommune

Bjerkreim kommune

Kommunehuset:
Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 09.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

Biblioteket:
Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag	15.00 - 19.00
Tysdag	14.00 - 18.00
Onsdag	14.00 - 18.00
Torsdag	12.00 - 15.30
Fredag	12.00 - 15.30
Laurdag	10.00 - 14.00

DIM-renovasjon:
Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia. Returpunkt for glass og metall ved kommunehuset og ved Coop Prix på Bjerkreim.

Neste nummer:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 17. november kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 26. november. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen..

Utgjevar:
Bjerkreim kommune

Kontaktperson:
Ingunn Ognedal

Ansvarleg:
Kulturkontoret

Trykk og grafisk formgiving:
Jærprint AS

Forsidefoto:
Fotograf Kevin Molstad,
Destinasjon Bjerkreim

Ordføraren sitt hjørne

Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Marken er vel overstått. Det vart ei fantastisk helg for store og små. Godt besøkt alle dagane. På vegne av styret i Bjerkreimsmarken vil eg rette ei stor takk til alle som står på for at denne helga skal bli så bra! Det går ikkje an å ramse opp alle, då hadde eg garantert gløymt nokon. Me reknar at 2-300 innbyggarar går dugnad denne helga. Takk til kvar og ein. Det er og hyggeleg for komiteen å høyre at utstillarane kjenner seg velkomne, og at mange gir gode tilbakemeldingar på godt sal. Me held fast på at dette i botn skal vera ei landbruksmesse, og den profilen klarer me godt.

Me går nå inn i mørketida og mot vinter. Det er på tide å hente fram refleks. Me slarvar og gløymer dette nokon og ein kvar. Bjerkreim kommune har kjøpt inn 1000 refleksband som me deler ut, og håper dei som få eit band tar det i bruk. I fjor vinter var det teljing av ungar ved skulane som brukte refleks. Dessverre var talet langt dårlegare enn me håpte. Mange elevar, både små og store mangla dette viktige hjelpemiddelet for å bli sett ein mørk morgon. Refleks reddar liv.

Snart er forlenginga av turvegen frå Lauvtjødna og til baksida av Bjerkreim helsesenter ferdig. Her kjem lys, og dette vert då ein trygg og god plass å gå ettermiddagstur i den mørke tida. Entreprenørane er også i sluttfase med å restaurere steingjerdet bak helsesenteret. Her kjem og ei flott steintrapp, små dammar med vatn, og steinsett bekk. Ein liten oase rett og slett. Anbefaler ein tur rundt for å sjå.

Kommunen skal og lage ny trafikktryggleiksplan. Då treng me innspel om tiltak som bør prioriterast. Ofte er tiltaka på andre veger enn dei kommunale, og då er det lurt å få samle desse for å vise dei til Vegvesenet og til Rogaland fylkeskommune, som er dei store eigarane av vegar og sykkelstiar.

Me har og kome til ein ny milepåle i ny E39. Nå har ein i Bjerkreim landa plasseringa av vegen dei fleste plassane. Detaljane er ikkje på plass, men dei kjem etter kvart. Det er viktig å få avklaringar for grunneigarar, slik at dei ikkje treng å ha uvissa hengande over seg lengre enn nødvendig. Truleg vert endeleg reguleringsplan klar til neste haust.

I sommar har det vore eit yrande liv i Kulturparken ved Svelavatnet. Me kan slå fast at både badebrygge og vanntrampoline vart ein stor suksess. Dessverre ser me aukande tendensar til litt hærverk. Me ber alle som oppheld seg her til å ta vare på det me har fått. Snakk gjerne med dine håpefulle dersom dei oppheld seg her innimellom. Nå prøver me å finne lure idear slik at parken og blir brukt mykje i vinterhalvåret. Dei flotte lysa skal snart på plass igjen. Desse vert tent laurdag 30. november. I år gjer me ny vri rundt kulturdagen. Me køyrer to arrangement. Sundagen vert det det kulturdag som er meir retta mot vaksne. I staden vil me ha meir aktivitetar rundt tenning av julegran, spesielt for barnefamiliar. Dette vert flytt til laurdag ettermiddag, og det vert då meir underhaldning. Dette trur me kan bli veldig bra!

Vennleg helsing Tone Vaule

Politiske møte - på kommunehuset

Kommunestyret	Tysdag	03.11	kl. 18.00
Fellesråd	Tysdag	17.11	kl. 13.00
Ungdomsråd	Tysdag	17.11	kl. 17.00
Levekår	Tysdag	24.11	kl. 19.00
LMT-utval	Tysdag	24.11	kl. 19.00
Formannskap	Onsdag	25.11	kl. 16.00

TIL DEG SOM HAR VANNMÅLER!

Hvor mye vann har du brukt i år? For at vi skal kunne regne ut vannforbruket ditt, må du lese av vannmåleren din.
Husk fristen: 1. november.
Dette gjelder både private og næringsdrivende.
Registrering av vannforbruket gjør du via skjema på kommunens hjemmeside. Se skjema under Søknadssenter/ Bolig og eiendom/ Vannmåleravlesing. Her fyller du ut vannmålerstand. Har du flere vannmålere? Husk å lese av alle.

VAKSINE MOT INFLUENSA OG KORONA

Sesongens influensavaksine er forsinka frå leverandør. Massevaksinasjon mot influensa og koronavirus blir difor i november.

Det blir tilbud om vaksine 18. nov. kl. 12-17 i Bjerkreimshallen.

Målgrupper for influensavaksine:

65 år og eldre. Gravide frå svangerskapsveke 12. Enkelte kroniske sjukdomar. Målgruppe for koronavaksine:

75 år og eldre. Enkelte kroniske sjukdomar.

Du kan lesa meir på FHI.NO.

Dei som er fødde i 1961 kan også få vaksine mot lungebetennelse (pneumokokk).

Det kan bli aktuelt med ein vaksinasjonsdag til, 11. eller 25., alt etter når vaksinen kjem. Følg med på kommunen sine nettsider.

Knut Vassbø
Kommuneoverlege

JULEGRANTENNING

Velkommen til fakkeltog og julelystenning lørdag 28. november kl. 17.00 i parken bak kommunehuset. Fakkeltog, sang av Vikeså Soul Children og Soul Kids, gang rundt juletreet. Deretter forestilling for barn med tryllekunstner/ buktaler Erik Mogeno inne i kulturbanken.

GJØRE EGEN BOLIG ALDERSVENNLIG

Nå kan privatpersoner søke om penger til å gjøre egen bolig mer aldersvennlig.
Trygghet for helsa handler om at flere skal kunne leve godt i eget hjem og være sjef i eget liv. Folk kan nå få inntil 75 000 kroner i tilskudd for å tilpasse boligen sin.
NB! Kort frist: 30. oktober.
Mer info på www.husbanken.no under tilskudd til aldersvennlig oppgradering av egen bolig

PEPPERKAKEBY

Bygg ditt bidrag til Bjerkreims pepperkakeby på biblioteket. Både små og store byggverk er velkommen!

Innlevering av pepperkakehus blir lørdag 28. november mellom kl. 10.00 og 12.00 på biblioteket. For å beregne plassbehov på forhånd, ønsker vi at du melder på byggverket ditt til Bjerkreim kulturkontor innen onsdag 25. november. Bruk tlf. 98 88 01 47, eller send mail til annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no.

OFFENTLIG SVØMMING

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skule hver lørdag mellom høstferien og påskeferien.
Gratis adgang.

Åpningstider:

Kl. 10.00-10.45 Voksne over 18 år (garderobe åpen fra 09.45).

Kl. 10.45-11.30: Voksne over 18 år.

Kl. 11.30-12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)

Kl. 12.15-13.00: Åpent for alle

Kl. 13.00-13.45: Åpent for alle

Lister blir lagt ut i gangen fra kl. 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 404 44 955 for å reservere tid. Maks antall i voksengruppene er 15. Maks antall i familiegruppene er 25.

Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt fra badevaktene.

GRATIS KLÆR OG SKO I SKJERABERGET

Har du klær eller sko du ikke bruker lenger? Lever dem gjerne til byttebutikken - da kan andre få glede av dem. Byttebutikken **«Gi og ta - klær og sko for liten og stor»** holder åpent to dager i uka i Skjeraberget folkehelsehus. Her kan alle komme og hente gratis klær og sko, uten å levere inn noe selv. Vi tar imot pent brukte barneklær, dameklær, herreklær og sko i alle størrelser.

Åpningstider:
Mandager kl. 11.00-15.00
Onsdager kl. 15.00-19.00
Adresse: Pittervegen 6, 4389 Vikeså
Kontaktperson: Nina Johnsen: tlf. 90 71 59 16

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør - godt kledd - godt miljø!

Onsdag 4. november går turen til Beresvatnet på Bue. Astrid Bue blir med som kjentmann. Ta med niste og sitteunderlag. Avreise fra Esso Vikeså kl. 10.00. Turen er åpen for alle.

Arr: Fellesrådet for eldre og personer med funksjonsnedsettelse

BJERKREIMSQUIZEN

Årets siste quiz: onsdag 18. november kl. 19.30 i kommunestyresalen. Quizmaster: Andreas Osland. Startkontingent: kr. 50 kontant. Servering av kjeks, kaffi og te.
Firemannslag. Velkommen til ein sosial og uhøgtideleg kveld!

SYSNELLENE

Tid: 2. november kl. 18.30
Sted: Skjeraberget folkehelsehus
Vel møtt til samsykveld .
Arr: Bygdekvinnene v/Olaug og Ann Karin.

DUKAR

Bjerkreim helselag leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø tlf. 48 60 35 35.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

Medlemsmøte tysdag 16. november kl. 18.00 hjå Anne Rita Gudmestad. Vi har juleverkstad og dei som vil lagar krans eller gravlegg. Ta med gransaks. Bar, kongler, krans og tråd: kr. 250,-. velkomne!

BINGO

Vikeså misjonshus onsdag 11. november kl. 14.00 til ca. 16.00.
Alle velkomne.
Arr. Bjerkreim helselag

LÅVEFEST

Søndag 15. nov. kl. 19.00 på låven til Arild Søyland, Odlandsvegen 173. Informasjon om Window of Hope, salg av grøt, kaker og gløgg. Mulighet til å gi en gave til prosjektet.
Alle er velkomne.

FRILUFTSKVELD

Onsdag 18. november kl. 17.30-19.00 ved Lauvtjørna gapahuk.
Arr: Dalane friluftsråd i samarbeid med Dalane demensforening

NYTTÅRSFEST

Vikeså misjonshus torsdag 31.12. kl. 18.00. Enkel og uformell nyttårsfeiring med venner, kjente, ukjente. For alle aldre. Sosialt fellesskap, drøs, god mat, lek og konkurranse/underholdning.
Er noe uklart, ta kontakt på telefon:
Aina Helland tlf. 99 56 03 96
Magnus Helland tlf. 91 67 45 48
Påmeldingsfrist 20.12.2026
Påmelding via qr-kode
Arr. Vikeså misjonshus

TEMAKVELD: HEIM, SAU OG ODEL!

Laksebørsen, torsdag 19.11. kl. 19.00.
Møt Johanne Nyborg, forfattar av boka 12 dagar i april, i samtale med sauebonde Bjørn Tore Birkeland. Samtalen vert leia av forskar i Ruralis, Eirik Magnus Fuglestad.
Billettar: jorddogn.no
Arr.: Jorddøgn Litteraturfestival.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 12. november kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus. Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Kaffe og te. Hvis noen vil, kan de ta med et fat med noe å spise.
Velkommen alle kvinner!

BJERKREIM PENSJONISTFORENING

Samfunnshuset torsdag 26.11. kl. 14.00 -17.00.
Kåsør: kommunens næringsutviklar Tone Eikeland. Sang og musikk. Smørbrød og kaker, kaffe og te. Vi har også glutenfritt. Utlodning. Hjertelig velkommen!

BJERKREIM HAGELAG

Julemøte hos Anne Rita Gudmestad, Heiaveien 70, Vikeså. Tirsdag 24. nov. kl. 19.00. Anne Rita vil inspirere oss og gi oss ideer ved å lage forskjellige dekorasjoner til advent og jul.
Servering av riskrem, kaffe og småkaker. Utlodning av bl. annet dekorasjoner lagd samme kveld.
Inngangspenger kr 100,-.
Alle velkomne!

BASAR PÅ DAGSENTERET

Dagsenteret arrangerer basar 11. november kl 12.00. Det blir kaffimat, trekkspill og allsang.
Alle velkomne.

BJERKREIM BEDEHUS - NOVEMBER

Tysdagar kl. 19.00 Bønnemøte (minus 17.)
Onsdagar kl. 09.30 Minsten
Torsdagar kl. 17.00 Barnekor
2. kl. 18.30 Guttelag og jentelag
4. kl. 17.30 Global kafe
kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
4.-8. møteveke NLM, sjå eigen notis
7. kl. 18.00 Lørdagskveld NLM m/kveldsmat
8. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
kl. 11.20 Søndagsskule
9. kl. 19.00 Yngres
13. kl. 19.00 Basar NMS
14. kl. 19.30 BKU i kjellaren
16. kl. 18.30 Guttelag og jentelag
17. kl. 19.30 Logos, Jon Håvard Gundersen
20. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
22. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
-Talar: Margit Hunemo
kl. 11.20 Søndagsskule
23. kl. 19.00 Yngres
30. kl. 18.30 Guttelag og jentelag

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule Awana
04. kl. 19.00 Bønnemøte
04. kl. 20.00 Vedlikehaldstreff
19. kl. 19.00 YngRes og Korvetten
11. kl. 20.00 Samtalemøte
18. kl. 17.30 Global kafe
23. kl. 19.00 YngRes og Korvetten
27. kl. 20.00 Fredagsklubb
28. kl. 20.00 BKU

Kvar tysdag: kl. 9.30 Knerten
Kvar torsdag: kl. 17.00 Barnekor

MØTEVEKE BJERKREIM BEDEHUS 4.-8.

Thor Fremmegård (lærar ved Fjellheim bibelskole i Tromsø) talar f.o.m. torsdag. Møter kl. 19.30 onsdag -fredag.

Onsdag 4. tale av Kari Anne Vatland, song av SångZ

Torsdag 5. song av Børge Tjessem

Fredag 6. song av Bjerkreim syngende kamerater

Lørdag 7. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat, song av Karen og Harald Åreskjold

Søndag 8. kl. 11.00 Endelig søndag
Arr. NLM

BASAR

Bjerkreim bedehus fredag 13. nov. kl. 19.00. Tale ved seksjonsleder Øst-Afrika; Arild M. Bakke. Song av Valborg Bjerkreim. Hovudtrekking og åresal, med m.a. kransekaker. Enkel servering. Velkommen!
Arr. Bjerkreim NMS

KULTURDAG

Årets kulturdag på Bjerkreim samfunnshus blir søndag 29.11 kl 19.00 (merk nytt klokkeslett!). Utdeling av innsatspremier og byggeskikkpris, show med Rune Nilsson og BadesKen.

Gratis inngang.

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Sundag 1. november kl. 19.30

Minnegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Diktlesing v/Liv Valbjørg Apeland Bakke

Song v/Monika og Øystein Vassbø

Det blir lystenning for dei som har gått bort det siste året og namna blir lest høgt.

Kaffi og te frå kl 19.00.

Sundag 8. november kl. 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Sundag 15. november kl. 11.00

G3-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 22. november kl. 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 29. november kl. 11.00

Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Lys Vaken-helg.

DØYPTE:

20.09.26 Skage Songe Andersen
20.09.26 Even Helland
18.10.26 Marcell Vikesdal Andreassen
18.10.26 Svanaug Reime Mong

DØDE:

17.09.26 Klara Jenny Spødervold
17.09.26 Endre Hegelstad
30.09.26 Per Tveit
11.10.26 Noralf Mellemstrand

ANDAKT PÅ HELSESENTERET I OKTOBER:

Torsdag 5.11 kl. 10.30 m/nattverd
Torsdag 19.11 kl. 10.30
Torsdag 26.11 kl. 10.30

LYS VAKEN

Dette skjer helga 28.-29. november. Alle medlemmer som går i 4. klasse får invitasjon i posten, men alle i 4. klasse er velkomne til å melde seg på!

JULEHJELP

Bjerkreim kyrkje og kommune samarbeider med Frelsesarmeen om julehjelp i Bjerkreim.

Har du varer å avse etter handleturen? Det blir satt ut handlevogn på Coop Extra markert med julehjelp, fra 1. desember. Andre gaver fra egen produksjon e.l. er også varmt velkomne, ta kontakt med diakonen.

Trenger du julehjelp? Søknadsskjema og informasjon finner du på kirken.no/julehjelp-i-bjerkreim.

OPPDATERING AV VEDTEKTENE FOR GRAVPLASSANE

Soknerådet har utarbeida eit tillegg til gjeldande vedtekter som me no sender på høyring.

Me inviterer innbyggjarane i Bjerkreim, organisasjonar og interessegrupper til å koma med innspel på føreslått tillegg.

For meir info sjå nettsida: www.kirken.no/Bjerkreim

Høyringsfrist:
fredag 20. november til post@bjerkreimkyrkja.no

SØKNAD OM OFFER TIL LOKALE LAG

Soknerådet tildeler offer for 2027 i desember. Frist til å søkje om offer er 20. november. Send e-post til post@bjerkreimkyrkja.no

VIL DU VERA BABYSANG-LEIAR?

Vi ser etter nokon som kan halde babysangen i Bjerkreim. Gjerne nokon som ikkje har små barn sjølv, men som kan setja av litt tid ein formiddag i veka eller annankvar veke.

Babysang er eit nydeleg tiltak for å støtte foreldre og barn i samspelet seg imellom, samt å hjelpa småbarnsforeldre å bli kjent med kvarandre i bygda.

Praktisk: Babysang haldes kvar eller annankvar veke, henholdsvis på mandag, torsdag eller fredag. Kl. 10.00 kan vera eit fint tidspunkt. Mange babyer har ein kvil før og etter. Ein pleier også å ha litt frukt og kaffi/te.

For opplæring i sjølve babysang-repertoaret kan Valborg Bjerkreim (90 82 55 82) hjelpe. Med mindre ein ønsker å finna på eit eige opplegg. Ta kontakt på post@bjerkreimkyrkja.no

JULEKONSERT MED HANNE SØRVAAG

Bjerkreim kyrkje 27. november kl. 19.00

Kjøp billettar her: www.hannesorvaag.no/konserter

BONDENS NETTVERK I BJERKREIM

Me vil minna om dette nettverket som du kan ta kontakt med når ting buttar imot.

Leif Gjedrem tlf. 41 56 44 76, for Bjerkreim Sau og Geit og Bjerkreim Bondelag

Ove Helge Ommedal tlf. 99 08 17 70 for Bjerkreim Bonde- og Småbrukarlag

Lene Espeland tlf. 94 08 75 01 for Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester AS

Odd Arne Kydland tlf. 40 00 11 17 for Bjerkreim kommune - avdeling mestring

Anita Jensen tlf. 41 69 46 57 for NLR

Gerd Siqveland Engelsgjerd tlf. 97 61 85 19 for Bjerkreim kommune - landbrukskontoret

Ein bonde har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som er vanskelege å handtera åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenka klart når ein er i en vanskeleg situasjon, enten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som har tært over tid. Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpa med; få oversikt og leggja ein plan for å normalisera situasjonen.

Taushetsplikta vil verta ivaretatt. Det er heller ingen automatikk i at heile nettverket vert aktivert ved kontakt med ein av deltakarane. Tilbodet er gratis. Kontaktpersonane kan bidra med å ta kontakt med gode, profesjonelle hjelparar ved ynskje og behov.

Ikkje ver redd for å ta kontakt med ein av oss, enten du sjølv er i ein vanskelig situasjon, eller du er bekymra for nokon andre!

PLANTEVERNKURS VÅREN 2027

Om du er ny bonde som har behov for sprøytebevis, eller har tatt kurset før og treng fornying, så arrangerer NLR-Rogaland dette på Landbrukssenteret på Helleland:

- **1. gongskurs:**

Dagane 25. februar, 2. og 4. mars - alle kveldar kl. 18.30 og laurdag 6. mars kl. 9.00 - 14.15.

- **Fornying av autorisasjonsbevis:**

Kveldskurs med undervisning måndag 1. og torsdag 4. mars kl. 18.30.

Påmelding og meir info hjå NLR Rogaland på tlf. 97 01 41 17, birgitt.harstad@nlr.no eller https://rogaland.nlr.no

Du kan også fornya autorisasjonsbeviset ditt ved å ta eit nettbasert kurs med eksamen, som Mattilsynet tilbyr. Her er link til informasjon og påmelding til kurset:

Autorisasjonskurs for fornying av bevis | Mattilsynet

https://www.mattilsynet.no/planter-og-dyrking/plantevernmidler/autorisasjonsbevis-for-plantevernmidler/autorisasjonskurs-for-fornying-av-bevis#praktisk-informasjon-om-nettkurset

Informasjon

tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal

Teknisk tegner - byggesøknad, tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Nesjane 3, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no

ADVOKAT 1
ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ
Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT·NO
FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED
Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK
POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

Bjerkreim legekontor
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekontor.no
Vask hendene og ta vare på kvarandre!

coop Vikeså
coop byggmix
EXTRA
coop prix
Extra Vikeså
Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk
Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim
Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00
coop

Eigersund Dyreklinikk
Telefon 51 49 13 04
VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!
Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

RENSELØSNINGER TIL HUS OG HYTTER

LITT OM VÅRE ANLEGG:
- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:
- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin
Tlf: 954 09 360 – post@sandnesmaskin.no

BJERKREIM BIL & KAROSSERI AS
Forsikrings skader • Private skader
Karosseri • Lakkering
Ruteskift • Restaurering
PDR (Retting av småbulker uten lakkering)
Tlf: 901 91 987
post@bjerkreimbilogkarosseri.no